

Budsjett 2017

Psykisk helsevern
Helse Førde HF

Innhald

Samandrag	2
Føresetnader i budsjett 2017.....	2
Budsjettarbeidet i PHV	3
Risiko i budsjett 2017	4
Ramme 2017	4
Økonomi.....	5
Kostnadsutvikling	5
Aktivitetsutvikling	6
Aktivitet per avdeling	6
Bemanningsplan.....	7
Budsjettprosess.....	8
Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet	8

Samandrag

Budsjettet til PHV er utarbeidd innanfor den ramma som er gitt. Det er nytta rammebudsjettering, slik at alle avdelingar i PHV har tatt sin relative del av den utfordringa som ligg i å lage budsjett innanfor tildelte rammer.

Vi har fordelt ramme for 2017 mellom verksemdsområda i PHV slik:

	Ramme 2017		Innsparing 2017	
PHV:	295 550	79,1 %	-2 700	75,0 %
TSB:	62 650	16,8 %	-150	4,2 %
Forsking/adm:	15 400	4,1 %	-750	20,8 %
Total ramme:	373 600	100,0 %	-3 600	100,0 %
Totalt PHV:	295 550	100,0 %	-2 700	100,0 %
Herav PBU:	63 600	21,5 %	-300	11,1 %
Herav voksen:	231 950	78,5 %	-2 400	88,9 %

PHV har gjennom fleire år vore nøydd til å finne rimelegare måtar å tilby våre pasientar eit godt og forsvarleg behandlingstilbod. Budsjettet for 2017 er stramt, men det er lagt opp til ei forsvarleg drift. Vi vil med dette budsjettet også i 2017 kunne gje gode tilbod med høg kvalitet til pasientane våre.

Psykisk helsevern for vaksne har fokus på å sikre kvaliteten og omfanget av poliklinisk verksemd slik at vi framleis samla sett tilbyr adekvate og gode pasientforløp ved kvart DPS. Dette arbeidet vil halde fram i 2017. Ein verknad av dette er mindre bruk av og behov for døgnplassar.

Psykisk helsevern for barn og unge vert planlagt på same nivå som i 2016, og vi ventar at tal polikliniske konsultasjonar vert noko høgare enn siste år.

Innanfor TSB har vi redusert kjøp av gjestepasientplassar til eit nivå som kan være det nivået som følgjer av fritt sjukehusval, og vi ventar at aktiviteten vert om lag som i siste år.

Føresetnader i budsjett 2017

Årsprognosen for 2016 gjev grunnlaget for budsjettet for 2017. Det er lagt inn ein lønsvekst på 2,7 %, inkludert lønsoverheng, gliding og lønsoppgjeret for 2017. Det er lagt inn 2,3 % prisauke på varekostnader og andre driftskostnader. Polikliniske inntekter er auka opp med 1,9 %, medan andre inntekter er auka opp med 2,3 %. Pensjon er berekna av aktuar for 2017, og er 19 mill. lågare enn i 2016.

Budsjettarbeidet i PHV

Det er i budsjettet for 2017 ikkje lagt opp til at vi skal gjennomføre spesifikke tiltak i 2017 som vil påverke drifta. Vi starta arbeidet med å tilpasse drifta til rammene for 2017 allereie tidlig i 2016. Endringar som skal skje på den enkelte avdeling vil skje innanfor budsjetterte rammer og det personellet som er tilgjengeleg.

NPS

- Tilsette i alle psykologstillingane.
- Andre stillingar som har stått ledige, er no fylt opp i tråd med planane for utvikling av senteret.
- Vi har for tida berre ein overlege ved senteret, og må bruke mykje pengar på innleige av vikarar då det er krevjande å rekruttere overlegar til faste stillingar.
- Bidreg med delfinansiering av ei overlegestilling i Eldremedisinsk poliklinikk ved Nordfjord sjukehus.

Dei økonomiske utfordringane har vorte løyst ved:

- Redusert budsjettposten til kompetansebygging.
- Redusert budsjettposten til ekstrahjelp.
- Vakansperiode for stillingar som vert ledige.
- Halde enkelte stillingar vakante gjennom heile året.

ISP

Tiltak som gjeld omlegging/reduksjon av stillingar er gjennomført i 2016 og hjelper til med saldering av budsjettet for 2017. Situasjonen ved senteret i 2017 er at vi har 2,4 overlegar, og ut frå ein kostnad nytte vurdering blir det sett på som tilstrekkeleg men sårbart ved fråvær. Vi har byrja nye LIS løp for å redusere sårbarheita i løpet av fire år. Drifta ved ISP i 2017 vert planlagt på same nivå som i 2016.

PSK

Psykiatrisk klinikk må leige inn spesialistar, og dei siste åre har det vorte meir krevjande å rekruttere fast. Vi må sjølv utdanne eigne lege- og psykologspesialistar, og i mellomtida må vi leige inn overlegar frå vikarbyrå – noko som er svært dyrt. Det tek inntil 5 år å utdanne eigne spesialistar. Vi greier difor ikkje å gjennomføre nødvendig auke i stillingar på poliklinikk og ambulante team. Vårt ønske er å klare å auke tilbodet i ambulante team og poliklinikk, slik føringane nasjonalt også tilseier.

Psykiatrisk klinikk manglar fleire stillingar i akutt- og ambulante team for å oppfylle nasjonale føringar til ambulante team, og treng også midlar til sjukepleiarstilling som kan jobbe saman med overlege i alderspsykiatrisk team på poliklinikk. Det er ikkje midlar til dette utan å måtte legge ned andre tilbod. Psykisk helsevern i Helse Førde har kome lengst i landet med desentralisering av døgntilbod for vaksne. Vi har lågast del døgnplassar i landet, med berre eitt døgntilbod som dekker alle sjukehusfunksjonar for vaksne i Helse Førde.

Rus døgn på Tronvik er delvis finansiert frå Helse Vest som regional ruspost, men status er at vi har ein større del pasientar frå andre føretak i Helse Vest enn det som ligg i tildelt ramme. Om lag 60-75% av opphalda på Tronvik kjem frå andre føretak enn Helse Førde. Dei fleste pasientane kjem frå Helse Bergen. Midlar brukt på pasientar som kjem frå andre føretak i Helse Vest utover dagens tildelte ramme kunne vore brukt på andre tilbod innan psykisk helsevern.

Kirurgisk- og medisinsk klinikk har meldt inn behov for overlegeressurs på kreftavdelinga og eldremedisinsk poliklinikk, samt psykologressurs til fedme- og smertepoliklinikk. Psykiatrisk klinikk klarar ikkje å dekke dette utan at dette går utover andre tilbod på Psykiatrisk klinikk.

Inntil vi får nybygg i Førde til kombinert akutt-/tryggleikstilbod vil det vere trong for 2-3 opphaldsplassar for tryggleikspasientar som vi må betale for. Vi kan nytte opphaldsplass ved Sandviken i Helse Bergen når det er ledig der. Prisen i 2017 vil vere kr 17.000 per døgn per pasient.

PBU

Drifta ved PBU i 2017 vert planlagt på same nivå som i 2016.

Risiko i budsjett 2017

PHV dekker gjestepasientkostnader i driftsbudsjettet. Det er alltid ein risiko for at fleire pasientar nyttar fritt sjukehusval, eller at vi ikkje har kapasitet. Dette vil kunne medføre kostnader utover budsjett som PHV må dekke gjennom innsparingar.

Det har vist seg at det er vanskelig å rekruttere fagfolk med spisskompetanse (overlegar og psykologspesialistar). Mangel på fagfolk kan gi lågare inntekter enn budsjettert og bidra til auka ventetider. Tilsetjing av ikkje-spesialistar gir oss høge utdanningskostnader. Det er også risiko for å måtte leige inn helsepersonell til ein lagt høgare kostnad enn om ein klarte å rekruttere egne tilsette.

I 2017 vert finansieringsordninga for polikliniske tenester innan psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling (TSB) lagt om. I dag vert aktiviteten i poliklinikk finansiert gjennom tilskot frå HELFO, etter vedtekne takstar heimla i forskrift. Frå 2017 vert aktiviteten i poliklinikk finansiert gjennom innsatsstyrt finansiering (ISF) til liks med somatiske helsetenester. Vi har i budsjett lagt til grunn at inntektene frå ISF vert tilnærma lik inntekta vi i dag får gjennom HELFO. Det er likevel risiko for avvik i høve forventa ISF-inntekt.

Ramme 2017

Budsjetttramme 2017 - PHV (tal i 1000 kroner)	
Prognose 2016	-3 000
Prisendringar 2017	3 600
Endringar i kostnadane som følgje av vedtak og hendingar i 2016	-600
Sum	0

PHV forventar eit overskot i 2016 på 3 millionar i høve budsjett. Overskotet skuldast mindreforbruk av gjestepasientplassar i 2016, og at vi allereie i 2016 har tilpassa drifta til kostnadsnivået for 2017. Tilpassinga har skjedd ved omstillingar i drifta for å unngå driftsmessige utfordringar i 2017.

Prisendring (tal i 1000 kroner)	
Endring i rammefinansiering	16 800
Prisauke inntekter	-767
Lønsvekst	8 021
Endra pensjon	-19 000
Prisendring varer og andre kostnader	846
Fråtrekk for meirverdiavgift på varer og andre kostnader	-2 300
Netto prisendring	3 600

Endra rammefinansiering er summen av styrka ramme som følgje av prisjustering (8,1 mill.), fråtrekk for kompensasjon for meirverdiavgift (2,3 mill.), fråtrekk for realinnsparingskrav (3,6 mill.) og fråtrekk for lågare pensjonskostand (19 mill.).

Prisauke for inntekter gjeld i hovudsak poliklinikk, og desse er justert med 1,9 %.

Lønsveksten er budsjettert med 2,7 % samt at pensjon er redusert med 19,0 millionar.

Andre kostnader er justert opp med 2,3 % samt at det er lagt inn reduksjon med 2,3 mill. som følgje av kompensasjon for meirverdiavgift.

Endringar i kostnader og inntekter som følgje av vedtak og hendingar i 2016 (tal i 1000 kroner)	
Endra bemanning ISP	-100
Endring i inntekter NPS	513
Endra bemanning NPS	129
Endring i driftskostnader NPS	-372
Endra bemanning PBU	889
Endring i driftskostnadar PBU	-189
Endra bemanning PSK	-1 308
Endring i driftskostnadar PSK	-742
Endring i inntekter ADM	450
Endring i driftskostnadar ADM	130
Netto kostnadsendring	-600

Økonomi

Resultat HV-mal	Rekn 14		Rekn 15		Budsjett 16		Prognose 16		Prognose 16 - Budsjett 16		Budsjett 17 - Prognose 16	
Basisramme	- 334 900	- 354 400	- 377 200	- 377 200							- 360 400	16 800
ISF egne pasienter											- 20 803	- 20 803
Gjestepasientinntekter	- 1 427	- 999	- 450	- 2 700	- 2 250	- 2 251					449	
Polikliniske inntekter	- 18 591	- 19 138	- 18 973	- 20 215	- 1 242							20 215
Andre øyremerka tilskot	- 5 796	- 1 159	- 897	- 1 000	- 103	- 1 371					- 371	
Andre driftsinntekter	- 8 564	- 7 979	- 9 042	- 9 453	- 410	- 9 033					420	
Sum driftsinntekter	- 369 277	- 383 675	- 406 563	- 410 568	- 4 005	- 393 857					16 711	
Kjøp av offentlege helsetenester	9 255	7 592	14 643	15 359	716	14 799					- 560	
Kjøp av private helsetenester	687	2 020	1 710	1 907	197	1 644					- 263	
Varekost	3 968	4 538	4 700	5 050	350	4 411					- 639	
Innleigd arbeidskraft	2 617	7 933	4 121	9 450	5 330	9 900					450	
Løn til tilsette	238 758	242 497	251 733	248 745	- 2 988	254 822					6 077	
Overtid og ekstrahjelp	9 815	9 812	8 214	8 182	- 32	7 896					- 286	
Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	57 261	67 715	76 106	76 106		57 120					- 18 987	
Off tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	- 10 000	- 11 639	- 8 002	- 10 462	- 2 460	- 8 421					2 041	
Anna løn	36 373	36 382	38 123	37 094	- 1 029	37 229					136	
Andre driftskostnader	20 922	19 009	15 214	16 136	922	14 457					- 1 680	
Sum driftskostnader	369 657	385 860	406 563	407 568	1 005	393 857					- 13 711	
Driftsresultat	379	2 185		- 3 000	- 3 000						3 000	

Kostnadsutvikling

Kjøp av helsetenester.

I dag kjøper PHV plassar innan psykisk helsevern, under dette også tryggleiksplassar, og rusomsorg. Årsaka er både at pasientane har fritt sjukehusval og at vi ikkje kan tilby pasienten rett behandling i fylket. I 2017 er det budsjettert med kostnader knytt til kjøp av helsetenester på same nivå som i budsjettet for 2016.

Innleige av arbeidskraft.

Det har vore nytta ein del innleige av arbeidskraft i 2016 fordi vi ikkje har greidd å rekruttere arbeidskraft med rett kompetanse. Vi arbeider aktivt med å erstatte personell som har slutta, men legg til grunn at det også vil påløpe kostnader knytt til innleige av helsepersonell i 2017.

Løn til tilsette og overtid/ekstrahjelp.

Endringa skuldast generell lønnsauke budsjettert til 2,7 % og heilårsverknader knytt til bemanningsendringar i løpet av 2016.

Pensjon

Aktuarberekna pensjonskostnad for 2017 er 19,0 millionar lågare enn i 2016.

Aktivitetsutvikling

Aktivitet	Oppnådd 2014	Oppnådd 2015	Prognose 2016	Mål 2017	Endring 16 til 17
Psykisk helsevern voksne					
Tal heildøgnsopphald	17 251	17 569	19 150	18 250	-900
Tal utskrivne pasientar	976	1 039	1 200	1 090	-110
Poliklinisk dagbehandling	1 001	217	340	300	-40
Polikliniske konsultasjonar	21 530	23 488	23 400	23 500	100
Rus					
Tal heildøgnsopphald	7 393	7 215	7 760	7 890	130
Tal utskrivne pasientar	219	177	195	181	-14
Polikliniske konsultasjonar	3 044	3 254	3 200	3 400	200
Psykisk helsevern barn og unge					
Tal heildøgnsopphald UPH	1 304	1 255	1 000	1 200	200
Tal utskrivne pasientar UPH	62	109	90	100	10
BUP polikliniske konsultasjonar med RTV	17 252	17 681	18 200	19 100	900
NB! Vaksenpsykiatri er tal eksklusiv RUS.					
Fagområdet RUS omhandlar pasientar som har RUS som ein av diagnosen, pasientane kan ha anna hovuddiagnose.					

Det er lagt opp til lågare aktivitet knytt til døgnopphald for voksne i 2017, og ein liten auke i poliklinisk aktivitet. Vi vil arbeide for å halde aktiviteten innanfor TSB på nivå med førre år. Aktiviteten i PBU er venta å verte høgare enn i 2016.


Aktivitet per avdeling

Avdeling	Poliklinikk m/refusjon					
	Oppnådd 2013	Oppnådd 2014	Oppnådd 2015	Prognose 2016	Måltal 2017	Endring 16 til 17
PBU	16 411	17 252	17 681	18 200	19 100	900
ISP	4 771	6 140	6 789	6 600	6 700	100
RUS ISP	956	772	700	700	700	0
NPS	6 007	5 783	6 588	6 400	6 400	0
RUS NPS	638	495	561	600	600	0
PSK	8 563	9 607	10 111	10 400	10 400	0
RUS PSK	1 565	1 777	1 993	1 900	2 100	200
SUM VP	19 341	21 530	23 488	23 400	23 500	100
SUM RUS	3 159	3 044	3 254	3 200	3 400	200

Avdeling	Heildøgn					
	Oppnådd 2013	Oppnådd 2014	Oppnådd 2015	Prognose 2016	Måltal 2017	Endring 16 til 17
PBU	1 217	1 304	1 255	1 000	1 200	200
ISP	3 952	3 568	3 756	3 900	4 000	100
RUS ISP	96	129	59	90	90	0
NPS	3 117	3 060	3 028	3 600	3 100	-500
RUS NPS	2 078	2 597	2 556	2 900	2 700	-200
PSK	11 319	10 623	10 785	11 650	11 150	-500
RUS PSK	4 889	4 667	4 600	4 770	5 100	330
SUM VP	18 388	17 251	17 569	19 150	18 250	-900
SUM RUS	7 063	7 393	7 215	7 760	7 890	130

Avdeling	Utskrivne pasientar					
	Oppnådd 2013	Oppnådd 2014	Oppnådd 2015	Prognose 2016	Måltal 2017	Endring 16 til 17
UPH	69	62	109	90	100	10
SUM PBU	69	62	109	90	100	10
ISP	138	149	129	120	120	0
RUS ISP	4	9	3	8	8	0
NPS	178	133	153	190	170	-20
RUS NPS	51	93	72	100	90	-10
PSK	765	694	757	890	800	-90
RUS PSK	127	117	102	87	83	-4
SUM VP	1 081	976	1 039	1 200	1 090	-110
SUM RUS	182	219	177	195	181	-14

Bemanningsplan



PHV har 413 brutto månadsverk per oktober 2016 og 382 netto månadsverk. Dette er færre enn same periode i 2015, og vi har planlagt med noko reduksjon i 2017.

Budsjettprosess

Vi har arbeidd med budsjett sidan våren 2016, og tillitsvalde og verneteneste har vore invitert til klinikkråd gjennom året. PHV har hatt følgjande milepælar i budsjettprosess:

- 31.08.16 Klinikkråd med tillitsvalde og verneteneste. Orientering om budsjettprosessen generelt, foreløpige budsjettføresetnader og milepælar frå økonomidirektør.
- 19.10.16 Klinikkråd PHV, med tillitsvalde og verneteneste. Status i budsjettarbeidet.
- 24.10.16 Drøftingsmøte PBU med tillitsvalde og verneteneste.
- 28.10.16 Drøftingsmøte NPS med tillitsvalde og verneteneste.
- 04.11.16 Drøftingsmøte PSK med tillitsvalde og verneteneste.
- 15.11.16 Drøftingsmøte ISP med tillitsvalde og verneteneste.
- 16.11.16 Budsjett behandla i klinikkråd for PHV
- 17.11.16 Informasjonsmøte PHV med tillitsvalde og verneteneste.
- 25.11.16 Drøftingsmøte PHV med tillitsvalde og verneteneste.
- 05.12.16 KAMU PHV

Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet

Psykisk helsevern – PHV

Psykiatrisk klinikk – PSK

Nordfjord psykiatrisenter – NPS

Indre Sogn psykiatrisenter – ISP

Psykisk helsevern for barn og unge – PBU

Ungdomsavdeling for psykisk helsevern – UPH